


Vårsemester 2009

Om programmet:

Denne sesongen presenterer Kvam filmklubb eit program der to og to filmar heng saman tematisk. Me håpar at denne vrien kan vera med å retta merksemd mot det tekniske og forteljarmessige mangfaldet i filmspråket. For sjølv om filmane har liknande tema, kan dei vere svært forskjellige på andre måtar. Programmet er òg denne sesongen variert og internasjonalt: alle ni filmane kjem frå forskjellige land.

Det første temaet har me kalla «**Einsemd og kjærleik**». Her heng første filmen i vårsesongen, **Chunking Express**, saman med siste filmen i førre sesong, **Juha**. Neste tema er «**På utsida**», om stilla seg utanfor samfunnet, slik hovudpersonane i **Sult** og **The Station Agent** har gjort det. Neste par ut er **XXY** og **The Iron Ladies**. Desse filmane handlar om «**Kjønn, seksualitet og identitet**», eit ikkje altfor daglegdags samtaleemne her i Kvam. Fjerde tema er «**Krigens verknadar**» der krigen dels vert omhandla i eit retrospektivt lys. **Grbavica** dreier seg om eit offer for krigsbrottsverk mens det i **Mark of Cain** er overgriparen som er i fokus. Det siste temaet har me kalla «**Animerte eventyr**», men bruken av animasjonsteknikkar og eventyrtematikken er truleg det einaste **Faust** og **Chihiro og heksene** har til felles.

Tysdag 06. januar kl 19.30



Chunking Express
Regi: Wong Kar-wai (kina) (Arthaus)

"Chungking Express er ein blå storbyfabel om to kjærleikssjuka politimenn som stadig endar opp på gatekjøkkenet "Midnight Express" på den einsame ferda si gjennom Hong Kong-natta."

Chunking Express: Les meir på Arthaus

Tysdag 20. januar kl 19.30



Sult

Regi: Henning Carlsen

Det er ikkje ofte at ein milepæl i litteraturen blir til eit markant hovudverk i fi lmhistoria. Henning Carlsen si fi lmatisering av Sult av Knut Hamsun er eit meisterverk i seg sjølv, og ikkje berre ein fi lm basert på eit meisterverk.

Sult: Les meir på Norsk Filminstitutt

Tysdag 03. februar kl 19.30

The Station Agent
Regi: Thomas McCarthy
Lengde: 88 min.

I denne filmen møter vi den kortvaksen togentusiast Finbar McBride. Han forlet jobben sin i ein modelljernbanebutikk når han arver ein jernbanestasjon langt ute på landsbygda i New Jersey. Her vil han leva i einsemnd, fri frå kommentarar om utsjånaden sin og dyrka hobbyen sin, togteljing. Men i landsbyen treff han på den pratesjuka og kontaktsøkande Joe som driv kiosken til den sjuke far sin, og den nyseparerte og noko depressive Olivia som har mista eit barn. På eit noko motvillig vis blir desse lagnadane trekte mot einannan og eit venskap blir til.

Dette er ein film om einsemnd, venskap og ikkje minst stille. Filmen er McCarthy sin fyrste og hadde premiere på Sundance Filmfestival der han fekk 3 prisar i alt. I ettertid er han blitt vist på fleire store filmfestivalar og fått ros frå alle kantar.

Elvis Mitchell frå New York Times skriv : "Tom McCarthy eig ei slik forståing av stille at den får like stor plass i filmen som ein karakter, eit delikat, tankefullt og ofte humoristisk syn på einsemnd.... det er slike filmar du ynskjer å dela med andre!"

The Station Agent: Offisiell heimeside:

Tysdag 17. februar. kl 19.30




XXY

Regi: Lucía Puenzo prod.år 2007 Lengde: 1 t. 26 min.

Alex er midt i puberteten, men har større utfordringar med å finna seg sjølv enn tenåringer flest. Ho - eller han - er tvekjønna.

Til no har Alex levd livet som jente, men no slit ho med å finna identiteten sin.

XXY: Les meir på Arthaus



Tysdag 03. mars kl 19.30

The Iron Ladies

Regi:Yong Thongkonthun Prod.år:2000 tid: ca 1.5t.

Historia om det mannlege volleyballaget som vann den nasjonale meisterskapen i Thailand i 1996. Det som vekte åtgåum, var at dei fl este på laget var homofile, transvestittar og transseksuelle.

Les meir på Arthaus



Tysdag 17. mars kl 19.30

GRBAVICA

Regi:Jasmila Zbanic Prodår:2005

GRBAVICA fortel den gripande historia om åleinemora Esma og tenåringsdottera Sara. Sara trur ho er dotter til ein krigshelt som døydde ved fronten, men sanninga viser seg å vere ei heilt anna. For Esma er ei av mange kvinner som vart offer for systematisk valdtekt under den grusame krigen som herja Bosnia.

Les meir på Arthaus



Tysdag 31. mars kl 19.30

Mark of Cain

Regi: Marc Munden Prodår: 2007 tid: 1.5t

Ein gripande realistisk krigsfi lm som byggjer på faktiske hendingar i Basra i Irak. Hovudpersonane er to britiske soldatar som har vore innblanda i ein massakre. Filmen tek opp høgaktuelle problemstillingar og rettar eit anna fokus på krigsbrot enn det me er vane med. Filmen har blant anna vunne Amnesty Internationals Movies That Matter-pris under filmfestivalen i Rotterdam.

Les meir på Filmweb

Tysdag 14. april kl 19.30

Faust

Regi:Jan Svankmajer, Prod.år 1993 tid:1.5t.

Jan Svankmajers Faust er ei surrealistisk tolking av legenda.

Filmen er ei saleg blanding av stop motion-animasjon, plastelina, dukketeater og levande fi lm. Švankmajers forhold seg fritt til kjelde- materialet, men tillet seg å låna element frå dei klassiske tolkingane til Goethe og Marlowe.

Les meir på Bergen-filmklubb.no

Tysdag 28. april kl 19.30

Chihiro og Heksene

Regi:Hayao Miyazaki Prod.år:2001 Lengde:2t.

Animasjonsfilmen som vann Gullbjørnen i Berlin i '06, og som fekk Oscar som beste animasjonsfilm i '07!

10 år gamle Chihiro skal flytta til ein ny by saman med foreldra sine. På vegen til det nye huset tek faren ein snarveg - noko som får dramatiske konsekvensar. Ein film for heile familien.

Les meir på Arthaus

